

ÅRSMELDING FOR ÆNES SOKNERÅD 2020

Ænes sokneråd består av Kari Eikeland Enes, Ingfrid Øyre, Gunnar Audun Aarsand og Terje M. Enes.

Varamedlemer er: Kjersti Bondhus, Gunnar Enæs, Hildur Kroka, Kenneth Bondhus og Olav Nerhus Hatteberg.

Det vart halde 3 møter i soknerådet for 2020, den 21. januar, 17. juni og 16. september. Møte som skulle vore 18. november vart avlyst grunna auka smittefare med korona. Enkle spørsmål og avklaringar har likevel vorte avklara over telefon. Det vart handsama 23 saker.

Kyrkja på Ænes er truleg den eldste i Kvinnherad. Fram til no har bygninga ikkje hatt sprinklaranlegg, men riksantikvaren har no løyvd 900.000 kroner til opprusting og brannsikring av Ænes kyrkje. Det var Bara Eigedom AS ved Knut Galtung Døsvig som tok initiativet til å søkja om midlane. Selskapet går sjølv inn med det som i tillegg trengs for å få sprinkla kyrkja (om lag 500.000). Sjølv arbeidet med å sprinkla kyrkja er på det næraste ferdig, men det står att med å få fram vatn til anlegget.

På soknerådsmøtet 21. januar gjorde soknerådet samrøystes vedtak om å ta inn takkoffer i kyrkja ved utgangen. Ordninga vart kunngjort på soknemøte 1. mars 2020.

Det var GOSPEL – KVELD KONSERT i kyrkja 13. februar, med masse god musikk av kantoren i Kvinnherad, Eva Megyesi, der 20 var frammøtte.

Grunna korona og fare for smitte har året vore krevjande å gjennomføra gudstenester og andre arrangement i kyrkja. Ein har måtta nytta digitale løysingar.

Konfirmantleiren som skulle vore på Skarde i Odda 13.-15. mars vart avlyst. Konfirmasjonen vart utsett til hausten 29. august, der det var to konfirmantar frå Ænes sokn. To gudstenester vart også avlyst.

Fasteaksjonen 31. mars, der konfirmantane skulle gå rundt med bøsser vart det heller ingenting av grunna korona.

Hausten 2020 vart det på møte mellom prestane og prosten bestemt at Carsten Mrusek skulle erstatta Kjersti Brakestad Boge, som sokneprest for Ænes sokn i tida framover. Carsten bur i Jondal og er i tillegg prest i Uskedalen og Åkra kyrkje.

Julafta vart gudstenesta avlyst grunna smittefaren og det vart laga ei digital løysing for alle kyrkjene i Kvinnherad.

Ved utgangen av året syner rekneskapen ein beholdning på kr.37.116,88
Rekneskapen er revidert av revisor Olav Nerhus Hatteberg 14.01.2021.

Ænes sokneråd 09. februar 2021

Kari Eikeland Enes

Ingfrid Øyre

Gunnar Audun Aarsand

Terje M.Enes